



DEN NORSKE KYRKJA  
Kviteseid Sokneråd

## REFERAT frå møte i Kviteseid Sokneråd Onsdag 15 april 2020 kl.18.00

På Skype, kombinert med oppmøte i kommunestyresalen

### Innkalla:

Marit Gotuholt (leiar), Marit Sørby (nestleiar), Dagfinn Jone Køhn, Unni Snaunes, Toralf Grave, Unni Snaunes, Gudrun Nordbø Venås, Sigrun Garvik Moen (sekretær) og Vidar Syrtveit Mikalsen, Sokneprest Møyfrid Lunde og kommunerepresentant Bjørn Nordskog.  
Varamedlemmar: Vigdis Helene Bruhaug  
Andre: Kyrkjeverje Kristen Salmelid

Ord for dagen ved sokneprest Møyfrid Lunde.

3 deltok frå Skype, mens resten møtte i kommunestyresalen som var rigga etter 'korona-standard' så godt vi kunne. Erfaringa var ganske god for å vere fyrste gong. Dei på skype høyrde ikkje alt. Fleire ville i ettertid møtt fysisk.

*Mail kopi innkalling og referat til revisor Hilde Vatnar og prost Asgeir Sele.*

*Referat blir i tillegg sendt til rådmann Øystein Tveit og kommunalsjef for budsjett og strategi Tore Åsland.*

*Ordførar får som kommunerepresentant*

Oversikt over saker:

<b>Sak 18/20, FR</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>
<b>Sak 19/20, FR</b>	<b>Årsrekneskap 2019</b>
<b>Sak 20/20, FR</b>	<b>Lydanlegg i Fjågesund kyrkje</b>
<b>Sak 21/20, FR</b>	<b>Ny trusopplærer og sekretær</b>
<b>Sak 22/20, SR</b>	<b>Informasjon om arrangement og anna</b>
<b>Sak 23/20, SR</b>	<b>Spesielle korona-tiltak</b>
<b>Sak 24/20, SR</b>	<b>Visjon og fokusområde for Kviteseid sokn</b>
<b>Sak 25/20, SR</b>	<b>Eventuelt</b>

<b>Sak 18/20, (FR)</b>	<b>Innkalling og saksliste</b>	<b>MS</b>
<p>Innkallinga til dette møtet er sendt ut på e-post måndag 6. april 2020 til alle medlemmer og varamedlemmer av det nye soknerådet.</p> <p>Merknader til innkallinga eller sakslista?</p> <p><b>Forslag til VEDTAK:</b> Innkallinga sendt ut på e-post 06.04.2020 er godkjend. Møtet er lovleg sett. Sakslista er godkjend.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Som føreslege.</p>		

Sak 19/20, (FR)	Årsrekneskap og årsmelding 2019	MG / KS
<p>Årsrekneskapen for Kviteseid sokn for 2019 var ikkje endeleg ferdig på sist møte, men det vart gitt noko informasjon. No er rekneskapen ferdig ført og ferdig revidert, og ligg ved sakspapira her.</p> <p><b>Driftsrekneskapen</b> er avslutta i balanse med samla driftsutgifter kr 5.238.058. Brutto resultat vart eit underskot på kr 136.000 (budsjettert med 30.000), og etter finanspostar altså eit rekneskap i balanse.</p> <p><b>Investeringsrekneskapen</b> enda med eit udekt beløp på kr 46.218 (=underskot) etter prosjektarbeid (=investeringar) på til saman kr 2.480.420. Investeringsprosjekta vart finansierte slik:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Eksterne postar: Sal av gamal traktorgravar (60.000), momsrefusjon på kr 368.739 og investeringstilskot frå kommunen på kr 1.000.000.</li> <li>• Interne postar: Overføring via driftsrekneskapen frå bunde fond, kr 140.000, bruk av disposisjonsfond ('våre sparepengar') kr 290.354, og bruk av bunde investeringsfond (overskot frå tidlegare års uferdige prosjekt) kr 575.108.</li> </ul> <p><b>Balansen</b> syner at sum anleggsmidlar og omløpsmidlar har auka frå kr 9,14 mill. til kr 10.58 mill., og balanserer med eigenkapital og gjeld.</p> <p>Årsmeldinga for 2019 må òg som ei følgje av ferdig revidert og litt endra årsrekneskap, bli lagt fram for endeleg godkjenning av soknerådet. I vedlagd årsmelding er det difor berre hovudpunkt 7. ØKONOMI som er endra litt for å vere i samsvar med årsrekneskapen.</p> <p><b>Vedlegg:</b> Ferdig revidert rekneskap for 2019, Årsmelding for 2019 (endra litt på økonomi)</p> <p><b>Forlag til VEDTAK:</b> Soknerådet godkjenner den framlagde årsrekneskapen med noter for 2019, og punktet om økonomi i årsmeldinga, som er endra etter sist vedtak for å samsvare med årsrekneskapen.</p> <p><b>Handsaming under møtet:</b> Etter utsending av sakspapira med vedlegg, påpeika revisor at det i årsmeldinga var nokre skrivefeil der det stod 2018 i staden for 2019. Det er retta.</p> <p><b>VEDTAK:</b> Soknerådet godkjenner den framlagde årsrekneskapen med noter for 2019. Soknerådet godkjenner òg korrigeringsane i årsmeldinga: Punktet om økonomi som er endra for å samsvare med årsrekneskapen, og nokre rettingar av årstal som er gjort greie for under møtet.</p>		
Sak 20/20, (FR)	Lydanlegg i Fjågesund kyrkje	MG
<p>I sak 59/19 vart fylgjande lagt fram og vedteke:</p> <p>Fjågesund kyrkje har vore utan nokon form for lyd-forsterking i over 100 år. Noko lyd-forsterking OG teleslynge vil gjere det lettare for mange å høyre.</p> <p>Eit lite anlegg kan bestå av trådløs mikrofon, ein liten 4-6 kanals miksar, høgtalar(ar), forsterkar (viss passive høgtalarar utan innebygd forsterkar), teleslyngeforsterkar (gjerne digital), og eit veggmontert rack (skåp) til å samle utstyret i. Kostnad kan vere 40-50.000 kr.</p> <p>Finansiering kan ordnast slik: Vi skriv i kyrkjebladet om saka og gjer folk anledning til å gje på vedlagt giro. Ein forsøker å skapa engasjement for saka i Fjågesund ved å skriva om det i lokal-avisa dei har der. Ein kan ta noko over drift i 2019 og noko i 2020. Vi kan vente med å bestille noko før minst 50 % er samla inn.</p>		

**VEDTAK:**

Soknerådet støtter saka slik den er framlagt. Vi har ikkje dette på budsjettet, så det er viktig at om lag 50 % samlast inn på førehand før noko bestillast.

Før påske var det kome inn kr 27.400 til dette føremålet frå enkeltpersonar, lag og foreiningar i Fjågesund. Dei har vist eit stort engasjement i saka og vil få personelge takkebrev. Det er difor klart til å bestille lydanlegg til kyrkja.

Frå det gamle Fjågesund og Kilen sokn, har vi ståande kr 10.482 på bunde fond.

(Ref. Balanserekneskapet 2019: 25100140 Fjågesund kyrkjelydsarbeid -10 482,07)

Kyrkjeverja foreslår at desse midlane også blir brukt til å finansiere det nye lydanlegget i Fjågesund. Dette er støtta av tidlegare soknerådsmedlem frå Fjågesund: Gunn Karin Eikåsen.

**Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet er takksame for stort engasjement og gjevarglede i Fjågesund. Oppsparte pengar på bunde fond på konto 25100140 i balansen, brukast òg til finansiering av lydanlegg med teleslynge til Fjågesund kyrkje, i tillegg til gåvene. Resten blir tatt frå driftsbudsjettet.

**Handsaming under møtet:** Kyrkjeverja informerte om at prisane truleg vert noko høgare grunna generell prisauke på alt importert, igjen grunna den låge kronkursen. Varene er bestilt, og leverandøren Ljosland Musikk i Notodden kjem snart på synfaring og oppmåling. Kyrkjeverja funderte på om vi til dette også kan søkje om kulturmidlar for frå kommunen. Ordføraren oppmoda oss til det.

**VEDTAK:**

Som føreslege.

**Sak 21/20, FR**

**Ny trusopplærer og sekretær**

**MG**

Birgitte Nødland Danielsen er den som er tilsett i stillingane som sekretær og trusopplærer i Kviteseid sokn. Ho er for tida i ulønt omsorgspermisjon ut 2020 etter at den løna permisjonstida tok slutt. Stillingane hennar var før permisjonen 15 + 15 %, til saman 30 %. Birgitte har varsla at ho seier opp si stilling. Ho har permisjon ut året, men kjem ikkje tilbake til stillinga etter det.

Brit Helen Finstad vart tilsett som vikar i eitt år frå august 2019 til og med juli 2020 som var det tidsperspektivet vi hadde ved tilsettinga. Samstundes vart trusopplærarstillinga auka til 50 %, så ho arbeider no i 65 % stilling.

Vi treng difor lysa ut stillinga for fast tilsetjing no. Til det treng vi eit tilsetjingsutval.

Brit Helen har stillinga no, og vi er mange som kan ynskje at ho vil halda fram. Men vi må òg gjere det mogleg for andre å søke på stillinga.

Vi har stor forståing for at nokre ynskjer og treng full stilling, mens andre berre vil ha ei redusert stilling. Vi har i dag 65 % tilgjengeleg og kan halde fram med det. Vurdering gjort av kyrkjeverja og soknepresten tilseier at arbeidsmengda her i Kviteseid passar betre til ei 50 % stilling, der 10 % vert sekretær og 40 % trusopplærer. 50% her kan òg gjere det lettare å kombinere denne stillinga med ei tilsvarande stilling andre stader, eller eit anna arbeid. Vi er i dialog med eit anna fellesråd som ynsker å samarbeida om ein person i full stilling, og som gjerne vil ha 50% eller meir.

Kyrkjeverja foreslår i dette tilfellet at det blir sett ned eit tilsetjingsutval med fullmakt frå soknerådet til å tilsetje. Då slepp saka å kome tilbake til SR for ny handsaming og tilsetjing. Dette er vanleg

framgangsmåte for mange stillingar i Den norske kyrkja.

Kyrkjeverja foreslår til utvalet: Leiar av soknerådet og eventuelt nestleiar, soknepresten og dei tilsette si representant, som for tida er organisten Olav Holm. Kyrkjeverja er med som sekretær.

### Forlag til VEDTAK:

Soknerådet sett ned eit tilsetjingsutval for tilsetjing av ny sekretær og trusopplærar i fast/oppseieleg stilling med storleik mellom 50 og 65 %. Utvalet får fullmakt til å tilsetje.

Utvalet består av leiar for soknerådet Marit Gotuholt, sokneprest Møyfrid Lunde, og Olav Holm som dei tilsette si representant. Kyrkjeverja er sekretær med tale- og røysterett.

### VEDTAK:

Soknerådet set ned eit tilsetjingsutval for tilsetjing av ny sekretær og trusopplærar i fast/oppseieleg stilling med storleik mellom 50 og 65 %. Tilsetjingsutvalet skal bestå av Marit Gotuholt, leiar for soknerådet, Vidar Syrtveit Mikalsen, leiar av trusopplæringsutvalet, Møyfrid Lunde, sokneprest, og Olav Holm som er organist og dei tilsette si representant. Kyrkjeverja er sekretær med tale- og røysterett.

Utvalet får fullmakt til å tilsetje, men før tilsetjing skal aktuelle kandidatar og innstillinga presenterast for soknerådet slik at dei får anledning til å uttala seg.

**Sak 22/20, SR**

**Informasjon om arrangement og anna**

**MG / ML / KS**

(Normalt er denne saka mye tidlegare i møte, og FR-sak, men av di den ikkje inneheld FR-info denne gong, er den SR-sak)

### Arrangement:

Gjennomførte arrangement sidan sist møte står med *kursiv skrift*.

Avlyste arrangement er ~~strokne ut slik~~.

27. febr.	Taizé-bøn	Kviteseid kyrkje	Torsdag kl. 20.30
6.-8. mars	Fellesmøtehelg	Misjonshuset	Talar Leif Raustøl. Møta er kl. 19.30 på fredag (Fredheimkoret deltek), og kl. 17.00 laurdag og sundag.
10. mars	Andaktar	KOS kl.11.15 Midtsundtoppen	Kl. 11.15: Nattverdsgudsteneste Kl. 12.00 Andakt
<del>25. mars</del>	<del>Føremiddagstreff</del>	Misjonshuset	Kl. 11
<del>29. mars</del>	<del>Konsert</del>		Kl. 19.00 «Lyrikk og musikk» ved Jan, Oddmund og Petter Haugen + Olav Holm
31. mars	Fasteaksjonen		Vart berre digital
<del>14. april</del>	<del>Andaktar</del>	KOS og Midtsundtoppen	Kl.11.15 Kl.12.00
<del>18. april</del>	<del>Familiesamling</del>	Kviteseid kyrkje	(Laurdag) kl. 11.00 ved Jarle Valdemar
<del>18. april</del>	<del>Seminar</del>	Misjonshuset	Kl. 16.00 ved Jarle Valdemar
Dei neste arrangementa er førebels ikkje avlyst, men vert truleg det.			
22. april	Føremiddagstreff	Misjonshuset	Kl. 11
29. april	Fest for Lundenjordet	Misjonshuset	Ikkje heilt bestemt dato
4.-10. mai	Godhetsveka	Kviteseid kyrkje	Blir avslutta med Godhetsgudsteneste i kyrkja sund.10.mai
12. mai	Andaktar	KOS og Midtsundtoppen	Kl.11.15 Kl.12.00
13. mai	Samling for eldre	Kviteseid kyrkje	
16. juni	Andaktar	KOS og Midtsundtoppen	Kl.11.15 Kl.12.00

**Referat** ingen.

**Anna informasjon:**

**Forlag til VEDTAK:**

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

**Tilleggsinformasjon under møtet:**

Til KOS, Midtsundtoppen og Lundenjordet vart det før påska laga ei påskesamling i Kviteseid kyrkje som vart filma og overlevert på minnepinne til institusjonane. Vi veit ikkje om og korleis dei vart brukt.

Ang. Fest for Lundenjordet: Vi vil høyre med diakoniutvalet og leiinga ved Lundenjordet om vi kan få til noko alternativt for brukarane no når vi ikkje kan laga til den tradisjonelle festen.

Ang. Godhetsveka: Soknerådet spør seg om det ikkje går an å arrangere Godhetsveka med hjelpetiltak berre utandørs. Det er nå på våren mange ynskjer og treng hjelp, og kanskje nettopp nå med så stor sosial distansering, kan det vere greitt for folk å få denne oppmuntringa og sjå folk gjere noko utandørs med hus eller hage.

Ang. Gudstenester vidare: Formelt er det pr. 15.4. berre avlyst alle gudstenester til og med 2. påskedag. Vi ventar kvar dag denne veka på ny melding frå biskopen som er den einaste som kan avlysa gudstenester.

Nokre plassar i landet er det opne kyrkjer (slik at folk kan koma for ei stille stund med bøn og ljustenning), men dette er biskopane ueinige om, og her er det ikkje aktuelt pr i dag.

**VEDTAK:**

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

**Sak 23/20, SR**

**Spesielle kyrkjelege tiltak i korona-tida**

**MG / ML**

Grunna alle restriksjonane som er innført nasjonalt og her i kommunen den siste tida, er alle kyrkja sine arrangement avlyst inntil vidare. Arbeidet er dermed ikkje stoppa opp, men er i stor grad blitt annleis og til dels også meir krevjande fordi vi må tenke nytt. Her er ein oversikt gruppert etter tema, frå soknepresten:

Gudstenestearbeid.

Biskopen har avlyst gudstenester frå og med 15. mars og førebels ut påsken.

Tiltak:

- Frå 22. mars - samarbeid i Øvre Telemark, der prestar og diakonar vekslar på daglege andaktar og forenkla gudstenester som vert filma og lagt ut på «Kyrkja i Øvre Telemark» og vår eigen Facebook-side.
- Frå laurdag 28. mars legg vi ut tekstlesing av sundagens tekst frå ein stad i Kviteseid kommune.
- På nettsida har vi lagt ut tips til stader ein kan finne gudstenester og sundagsskule i andre kanalar.
- Kyrkjelyden si forbøn er tilpassa denne tida og delt med frivillige forbedarar
- Sundagens offerformål er delt på Facebook med oppfordring til å vippse ei gåve.
- Vi har tatt initiativ til eit samarbeid med dei andre kyrkjjesamfunna i Kviteseid om å fordele påskegudstenestene mellom oss og streame desse til ein felles YouTube-kanal for «påske i Kviteseid».
- Fleire oppfordringar om ekstraordinært ringereglement er gitt frå kyrkja sentralt. Soknerådet har gitt tilslutning til å ringe inn helga på laurdagar kl. 17. med automatisk ringeanlegg i Kviteseid kyrkje. Dette er annonsert før det er iverksett.

Andre kyrkjelege handlingar

- Dåp – dei som har meldt ønske om dåp har fått informasjon om korleis dette kan gjennomførast i

denne tida – uavhengig av gudsteneste, og med berre dei nærmaste til stades.

- Vigsel – dei som har meldt ønske om vigsel har fått informasjon om ulike alternativ – «kontorvigsel» og seinare forbønshandling, full vigsel med berre brudepar og forlovarar/vitne til stades. Ettersom dei opnar for at talet på dei som kan samlast aukar, kan talet på dei som er til stades auke.
- Gravferd – her har vi målt opp og gjort eit overslag over kor mange som kan vere til stades i de ulike kyrkjene – med to meter avstand til dei ein ikkje bur i lag med. Pårørande i kvart til felle blir høyrte i forhold til kva som er viktig for dei. Ulike alternativ kan vere å vente med seremoni til urnenedsetting etter kremasjon, gravferd med berre inviterte, berre seremonien med jordpåkastinga ved graven og så tilpassa gravferdsseremoni med minneord og tale ved seinare høve. Eigne reglar for reingjering av kyrkja er gjennomgått.

### Diakoni

Diakoniutvalet leier fleire grupper av frivillige som i stor grad sjølv er i risikograppa.

- Leiar av diakoniutvalet har oppmuntra frivillige besøksvenner til å halde oppe tenesta per telefon i denne perioden.
- Leiar av diakoniutvalet har òg dialog med frivillige som elles ville laga mat til konfirmantar, føremiddagstreff og på Midtsundtoppen.
- Vi har filma eit program for påskesamling frå Kviteseid kyrkje som er gitt til KOS, Lundenjordet og Midtsundtoppen for avspeling for dei som ynskjer det i påskeveka.
- Føremiddagstreffa er annonsert avlyst inntil vidare.
- Sorggruppe vart avlyst.
- I staden for å gå i besøk eller å treffe eldre, frivillige og andre i samband med gudstenester og arrangement, har vi kontakta fleire per telefon enn elles.
- Vi har satt inn annonse med telefonnummer til tilsette og med invitasjon til å ta kontakt om ein treng nokon å snakke med.

### Trusoplæring

Trusoplæringsutvalet har hatt eit møte på Skype og samtala om korleis vi som kyrkje kan vere til hjelp for familiar i denne tida.

- Tips om nettsider som har opplegg for barn er delt på nettsida vår
- Vi har kjøpt inn Påske-klistremerkebøker som er delt ut med eit følgebrev til medlemmer mellom 2 og 8 år. I brevet fekk dei også eit sundagsskuleblad, bingoark frå dei lokale kyrkjene og invitasjon til å bruke påskevandringa med familien.
- Vi har laga ein påskevandring med postar som skal hengje rundt kyrkjene i Brunkeberg, Kviteseid og Vrådal frå palmesundag til påskedag.

### Konfirmantopplegget

- Konfirmasjonane er utsett til laurdag 29. august i Kviteseid, søndag 30. august i Vrådal og laurdag 5. september i Brunkeberg. – alle foreldre er kontakta per telefon og har fått sjansen til å gje innspel til datoar.
- Konfirmantane deltok i digital fasteaksjon i staden for bøssebæring.
- Konf.-treffet i Seljord vart avlyst.
- Undervisning om døden og oppstoda er endra til deltaking på påskevandringa (sjå over)
- Førebuing av samtalegudsteneste er endra til gruppevis førebuing av filmsnuttar som vil bli vist seinast på konfirmasjonsgudstenestene.
- Pilegrimsvandring er utsett til 20. august.

### Neste års konfirmantar

- Informasjonskveld for nye konfirmantar med føresette vart avlyst. E-postadresser er henta inn til dei fleste og informasjonen er sendt ut skriftleg med moglegheit til å gje tilbakemelding på forslag til konfirmasjonsdagar for 2021. Dei har no begynt å melde seg på.
- Kick-off er avlyst
- Konfirmasjonsleirene skal vurderast innan utgangen av april. Ein arbeider med alternativ i haustferie eller vinterferie om vi må avlyse til sommaren.

**Staben** hadde sitt siste møte saman på kontoret 17. mars. Frå onsdag 18. hadde kyrkjeverja plutselig blitt inkludert av ein kommunal karantene-restriksjon og måtte halde seg heime 14 dagar etter ein

tur på Sør- og Vestlandet veka før. Vi valde vi å ta heimekontor for soknepresten og organisten i tillegg til kyrkjeverja. Sekretær og trusopplærar vart verande på kontoret og har vore til stor hjelp for prest og kyrkjeverja.

Alle prestane i prostiet fekk snart forbod mot å treffa staben og kvarandre. Dei har konferansar på Skype kvar tysdag morgon.

Alle har mange oppgåver å gjere, så det har ikkje vore aktuelt å permittere nokon så langt.

Fagarbeidarane ute har òg oppgåver i mengder, sjølv utan ordinære gudstenester. Ein av dei tilsette var utanlands ein tur, og sat derfor i karantene frå 15. -29. mars. Han arbeidde likevel aleine nokre dagar på ein avgrensa kyrkjegard.

1.april hadde staben stabsmøte på Skype. Det fungerte forholdsvis greitt.

**Fasteaksjonen** blei som kjent og nemnt berre digital i år. Prostidiakon Eilev har som vanleg fått VTB med på fleire siders oppslag. Konfirmantane var oppmoda til å gjere saka kjend. Mange har òg vore aktive på Facebook og på andre måtar for å spreie informasjon om innsamlingsaksjonen. Dette har i Kviteseid gitt eit samla resultat på noko over kr. 28.000 då aksjonen vart avslutta 31.mars. Litt konkurranse og stoltheit er det lov å ha for ei god sak. Av alle sokn og myndigheiter i vårt nye store fylke, ligg litle Kviteseid på ein imponerande 10. plass.

Målsetjinga vår var 50.000. Resultatet i 2019 var 48.000.

#### **Forslag til VEDTAK:**

Soknerådet takkar for orienteringa.

#### **VEDTAK:**

Som foreslege.

**Sak 24/20, SR**

**Visjon og fokusområde for Kviteseid sokn**

**MG / ML**

#### **Bakgrunn for saka:**

Etter at dei fire sokna Brunkeberg, Fjågesund, Kviteseid og Vrådal samla seg til eitt sokn, har ikkje det samla soknet formulert nokon eigen visjon eller satsingsområde.

- I eit notat frå januar 2016 har dåverande sokneprest Torstein E. Nordal påpeikt at dette har vore eit sagn til dømes når ein skulle følgje malen for utlysing av prestestilling og under eit vesentleg punkt i visitasmeldinga for 2016.
- Frå bispevisitas i 2005, heitte det for Kviteseid sokneråd:  
*Soknerådet har valt å formulere sin visjon slik: «Kviteseid kyrkje- kyrkja kåns». Med dette vil me seia at kyrkja ikkje berre er for nokre særskilde. Ho er til for alle som bur her. Menneske i alle slags aldrar og livssituasjonar skal kunne kome til kyrkja, bli møtt av kyrkja sin bodskap og få del i praktisk, menneskeleg omsorg. Me ønskjer å bygge fellesskap. Me ønskjer a t flest mogleg skal finne ein heim i kyrkjehuset og kyrkjelyden. Som sitt fremste satsingsområde har soknerådet valt arbeidet blant born og ungdom. Dett er i samsvar med den reforma for trusopplæring som heile kyrkja vår no arbeider med. «Det som ikkje vert overlevert, vil ikkje overleve».*
- I utlysingsteksten som nåverande prest søkte på stod «barn og ungdom» som det einaste satsingsområdet for arbeidet i soknet. Igjennom arbeidet i førre soknerådsperiode, har eg som prest derfor prioritert arbeidet mitt med dette som bakgrunn. Det har likevel vært eit sagn for meg at ikkje sokneråd, stab og frivillige har hatt ei felles forståing og retning for det kyrkjelege arbeidet i vårt sokn.

#### **Omgrepa visjon, satsingsområde/fokusområde**

Ein **visjon** set ord på eit framtidsbilde som vi strekker oss mot – noko vi vil skal kjenneteikne kyrkja i soknet vårt i framtida. (Kyrkjemøtet 2018 har valt denne visjonen for Den norske kyrkja samla: «Meir himmel på jorda».)



Eit **satsingsområde** er noko ein har blitt samde om å legge vekt på, prioritere etter, og som kan stimulere både tilsette og frivillige til særleg innsats.

For denne soknerådsperioden har kyrkja sentralt valt dette satsingsområdet: Dåp

Agder og Telemark bispedømme har i tillegg valt å ha fokus på: Gudsteneste-deltaking og Gjevarteneste

Desse satsingsområda er altså gitt oss, og vi må rapportere for korleis vi arbeider med dei. Det vil vere nyttig å finne fram til ei felles forståing av korleis vi vil arbeide med dei enkelte områda. Som prest føretrekk eg å bruke omgrepet **fokusområde** i staden for satsingsområde, for å få fram at det er noko vi vil ha vår merksemd på og ivareta på ein best mogleg måte.

### **Framgangsmåte så langt:**

1. På kurset for sokneråd på Granvin i Seljord fekk vi to spørsmål vi skulle svare på for oss sjølve på ein lapp: 2023 – *Se for deg at du er kommen til slutten av perioden i soknerådet. Alle skryt av at de har gjort så mykje bra for kyrkjelyden og lokalsamfunnet. Kva kjenneteiknar kyrkjelyden som fungerer så bra i 2023? (skriv opp nokre punkt) Kva tiltak har de gjort for å komme dit de er i 2023?*
2. Soknerådsmøtet 22. jan – sak 6/20 – Tankar og innspel til strategisk arbeid. Denne saka vart det lite tid til å handsama på dette møtet, men vi hadde ei runde rundt bordet der alle fekk nemne ting ein ønskjer fokus på og/eller vil bidra til. Ting som vart nemnt her var mellom anna: at kyrkja er for alle, diakoni, barn og ungdom, dugnad, gudsteneste.
3. **Sakshandsaming på soknerådsmøtet april-20:**
  - a. Samtale om korleis vi ser for oss eit positivt framtidsbilete å arbeide mot for kyrkja lokalt. Her er det fint om alle kan bidra med innspel frå lappane sine eller anna. Har nokon eit ferdig forslag til visjon, kan vi deretter ta førebels stilling til denne.
  - b. Vi tar for oss dei fokusområda som er gitt oss utanfrå: Dåp, gudsteneste-deltaking og gjevarteneste og noterer innspel til korleis vi kan jobbe med desse. Vi vurderer òg om det er fleire fokusområde utover desse som vi lokalt vil leggje vekt på å arbeide særleg med i denne perioden.

### **Forslag til VEDTAK:**

Soknepresten noterer innspel til visjon og utformar på bakgrunn av dette eit forslag til visjon etter samråd med AU til møtet i august. Innspela til fokusområda: Dåp, gudsteneste-deltaking, gjevarteneste og eventuelt anna fokusområde som kjem fram i møtet vert tatt vidare til stab. Staben vurderer korleis dei kan følgje desse opp i sine planar og involvere aktuelle utval og frivillige i tillegg til soknerådet.

### **VEDTAK:**

Soknepresten noterer innspel til visjon og fokusområde. Vidare blir det sett ned ein komité som skal arbeide vidare med innspela frå møtet og førebu saka til vidare handsaming i SR i august. Innspela til fokusområda dåp, gudsteneste-deltaking, gjevarteneste og anna fokusområde som kom fram, vert også tatt vidare til stab. Staben vurderer korleis dei kan følgje desse opp i sine planar og involvere aktuelle utval og frivillige i tillegg til soknerådet.

**Sak 25/20, SR**

**Eventuelt**

**MG**

- Ny dato for årsmøtet i kyrkjelyden blir fastsett av staben i samråd med soknerådsleiar, når vi veit meir om korleis og kva tid vi seinare kan samlast.
- Kyrkjevevja informerte om at det blir arbeidd med ei sak til neste møte. Saka gjeld ei eventuell etablering av ei avdeling på ein kyrkjegard som kan bli gravplass for muslimar i kommunen.
- Dei neste soknerådsmøta er etter planen 3. juni og 26. august.